




ALLE skal kjenne seg trygge

Kryss E39 – fv. 609, og fortau fv. 609 Halbrendøyra

FEBRUAR 2018



Det skal etablerast lysregulering og byggast høgresvingefelt på Halbrendsbua.

Gode vilkår for dei mjuke trafikantane blir ei viktig oppgåve når anleggsmaskinene inntek Askvollkrysset.

- Vi har som mål at ingen skal bli skada i eller ved våre anlegg. Det blir difor viktig å skilte og informere godt til alle som skal gå, sykle og køyre igjennom anleggsområdet, seier byggeleiar Asgeir Hellesest Furnes i Statens vegvesen.

Følg Førdepakken på Facebook

Enn så lenge føregår det meste av aktiviteten i terrenget rundt fylkesveg 609 Steinavegen og Askvollkrysset, men når arbeidet startar for fullt mot slutten av februar vil det merkast både for biltrafikken, og for mjuke trafikantar i området.

- Det er spesielt viktig for oss at skuleborna skal bevege seg trygt gjennom området. Om vi ser at det blir behov for det vil vi ha særskilt kontakt med dei og foreldra deira i løpet av anleggsperioden. I tillegg til skilt og merking vil vi bruke Førdepakken sine Facebook-sider aktivt for å informere om endringar i køyremønster, lovar Furnes.

I og rundt Askvollkrysset vil det bli fleire endringar for dei gåande og syklende undervegs i prosjektet. Det heva gangfeltet på E39 vil bli flytta ca. 100 meter lenger opp i bakken på E39, og det vil bli sett opp byggegjerder for å leie dei mjuke trafikantane trygt gjennom området.

- Vi oppmodar publikum til å følgje skilting og være oppmerksame på at det kan bli endringar i gangtraseane undervegs i prosjektet. Større endringar vil bli publisert på Facebook, seier byggeleiaren.



I og rundt Askvollkrysset vil det bli fleire endringar for dei gåande og syklande undervegs i prosjektet.



Anleggsarbeidet starta på fv. 609 i februar.

Tre delprosjekt

Askvollkrysset og fylkesveg 609 er det andre prosjektet i Førdepakken som startar opp. Kort oppsummert omfattar prosjektet oppgradering av krysset mellom E39 og fv. 609.

Det skal etablerast lysregulering og byggast høgresvingefelt på Halbrendsbua.

Langs fv. 609 frå Halbrendsbua til Steinen skal det byggast fortau. Langsføring og kryssing av eksisterande tele, el-kablar og private røyr og leidningar ligg også inne i prosjektet.

Anleggsarbeidet skal delast inn i tre delprosjekt.

- Det er veldig mykje trafikk i dette området, kanskje det mest trafikkerte punktet i heile Førde. Årsdøgntrafikken (ÅDT) på E39 Halbrendsbua er på godt over 11000, 9300 på E39 sør for bua mot Bergen og ein ÅDT på 3300 på fv. 609 mot Askvoll. For å ikkje lamme trafikken i heile området blir prosjektet delt inn i tre delprosjekt, med forskjellig sluttfrist. Noko av arbeidet vil likevel gå parallelt, seier Furnes.

Delprosjekt 1: Bygging av ny bru E39 v/Halbrendsbua og høgresvingefelt på E39.

Delprosjekt 2: Bygging av nytt lysregulert kryss, der E39 møter fv. 609 ved Halbrendøyra. Etablering av busslomme ved E39.

Delprosjekt 3: Fortau langs fv. 609 frå Halbrendøyra til Steinen, og omlegging av fv. 609.

Dette skal skje i vår

Tidleg i februar starta arbeidet på fv. 609 med å rive det gamle bustadhuset og fjøsen som står langs med vegen. I same tidsrom gjekk entreprenøren i gang med skogrydding, vekkøyring av massar og arbeid i sideterrrenget langs vegen. Etter dette starta sprenging av grøfter langs fv. 609.

- Framover mot påske vil entreprenøren starte utvidinga av E39. Dei vil òg gå i gang med grunnarbeidet ved bua, som ei førebuing til betongarbeidet som etter planen skal starte i april.

Det vil vere arbeid både på E39 og fv. 609 frå starten av mars.

- Det er stilt krav i kontrakten om å oppretthalde to køyrefelt på E39 i heile anleggsperioden. På fv. 609 kan det i periodar bli lysregulering og/eller innsnevra vegbane. I samband med sprengingsarbeid kan det bli ventetid på 15 minutt, men det vil ikkje bli sprenging i dei tidene det er «rush-trafikk».

DETTE SKAL VI GJERE I ASKVOLLKRYSSET OG PÅ FV. 609 STEINAVEGEN:

- Bygge nytt kryss med lysregulering
- Bygge høgresvingefelt på eksisterande bru
- Legge om fylkesveg 609
- Skifte ut overbygning / masseutskifting i eksisterande veg
- Heve fylkesveg 609 og kryssområdet
- Legge om kryss og avkøyrslar, høge murar og skifte ut eksisterande rekkverk
- I tillegg skal det rivast ein driftsbygning, eit bustadhus og ein garasje

Kontaktpersoner i Statens vegvesen:

Prosjektleiar Førdepakken **Erling Varlid**
erling.varlid@vegvesen.no - mobil: 905 04 116

Byggeleiar **Asgeir Helleseeth Furnes**
asgeir.furnes@vegvesen.no - mobil: 911 51 697